



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
114/25	Formannskapet	14.10.2025
68/25	Kommunestyret	06.11.2025

Framtidig utvikling av Volda og Ørsta - mandat for tverrkommunal politisk arbeidsgruppe

Samandrag:

Solbergregjeringa sette kommunereform på dagsorden i 2014. Reforma vart forankra i Stortinget, og alle kommunane vart bedt om gjere vedtak innan 1. juli 2016 om ein ville slå seg saman med andre kommunar eller stå åleine. Kommunane Volda og Ørsta framforhandla ei intensjonsavtale om samanslåing. Det vart halde folkerøysting og resultatet var klart negativt i begge kommunane. Det vart etablert fleire samarbeid mellom Volda og Ørsta rett før kommunereforma, jfr felles Nav-kontor, felles barnevern saman med kommunar på ytre søre Sunnmøre og felles landbrukskontor. Etter kommunereforma har det ikkje lykkast å få til nye samarbeid, og oppgjeret etter grensejusteringa av Viddal og Bjørke var ein prosess der kommunane hadde interesse motsetnader.

Ørsta kommunestyre har teke initiativ til å få i gang ein ny prosess for å utvikle relasjonen mellom dei to kommunane. I sak 39/25 den 22.05.2025 gjorde Ørsta kommunestyre slikt vedtak:

- Ørsta kommune ynskjer å slutte seg til felles grunnavtale for samarbeid som omfattar kommunane på søre Sunnmøre. Denne avtalen regulerer kartlegging og utgreiing av samarbeid. Ordførar får fullmakt til å godkjenne og signere avtalen. Ørsta kommune er også open for å prøve ut modellar og setje i drift samarbeid som eit hurtigløp dersom det kan gi gevinstar for samarbeidande partar.*
- Kommunedirektøren vert gitt fullmakt til å prøve ut slike samarbeid innanfor dei administrative rammene av kommunelova og prinsippa for samarbeid skissert i saksutgreiinga. Kommunestyret ber om at ein gjennom sjustjernesamarbeidet søker om tilskot til utvida interkommunalt samarbeid på søre Sunnmøre, samt til forlenging av samarbeidet og for utvikling av samarbeidsrigg/-modell.*
- Ørsta kommune ønskjer å utgreie samarbeid og eventuelt kommunesamanslåing med Volda*

I felles formannskapsmøte for Volda og Ørsta kommunar 19.8.25, vart det protokollført:

“Ordførarane i Volda og Ørsta vil ta initiativ til å få oppnemnt ei arbeidsgruppe, samansett av ordførar, varaordførar og oppsijonsleiar frå kvar av kommunane, med eit forslag til mandat som skal godkjennast av kommunestyra i begge kommunane.

Intensjonen er at gruppa skal skissere prosess og framdriftsplan for løysingar som gir gevinstar for tenestene og styrkar samfunnsutviklinga for Volda og Ørsta.

Dette bør føre fram til felles visjon, og at desse to samfunna løftar i lag for å utløyse synergjar og utnytte potensialet betre enn ein gjer kvar for seg.

Ordførarane vil be kommunedirektørane utgreie sak med forslag til mandat.”

Kommunestyret 06.11.2025

Behandling:

Votering

Innstillinga frå formannskapet vart einstemmig vedtatt.

Stemte for parti: SP (7 stemmer), AP (5 stemmer), H (5 stemmer), FrP (4 stemmer), SV (4 stemmer), KrF (3 stemmer), INP (2 stemmer), V (1 stemme), R (1 stemme), MDG (1 stemme)

KST - 68/25 Vedtak

1. Kommunestyret oppnemner ordførar, varaordførar og Sindre Rotevatn som Volda kommune sine representantar i eit interkommunalt politisk arbeidsutval for kommunane Volda og Ørsta.

2. Under føresetnad av likelydande vedtak frå Volda/Ørsta kommunestyre, fastset Volda/Ørsta kommunestyre følgjande formål og mandat for arbeidsgruppa:

Formål:

Arbeidsgruppa skal legge til rette for ein prosess som skal føre fram til løysingar som gir gevinstar for tenestene og styrkar samfunnsutviklinga i begge kommunar. Målet er å etablere ein felles strategi og visjon, samt mobilisere ressursar og engasjement i lokalsamfunnet for å utløyse synergjar og realisere eit større potensial enn det kommunane kan oppnå kvar for seg.

Mandat:

- Identifisere løysingar som gir gevinstar for tenestene og styrkar samfunnsutviklinga for dei to kommunane i lag, og kome med framlegg om konkrete samarbeidstiltak.
- Leggje eit grunnlag for å kunne samordne prosessen med planstrategi og kommuneplan med sikte på felles visjon og overordna målsettingar for kommunane for kommunestyreperioden 2027 - 2031.
- Utarbeide kravspesifikasjon og tinge utgreiing for å få eit kunnskapsgrunnlag for å vurdere samanslåing av kommunane Volda og Ørsta. Skaffe statleg finansiering for å dekkje kostnadene med utgreiinga.

Arbeidsgruppa skisserer sjølv nærare prosess og framdriftsplan og legg denne fram for kommunestyra til første møte i 2026. Framdriftsplanen skal også innehalde milepelar for ev delrapport, sluttrapport og rapporteringspunkt for kommunestyra.

3. Kommunedirektøren møter i arbeidsgruppa og syt for sekretærfunksjon.

Formannskapet 14.10.2025

Behandling:

Votering (9 stemmeføre):

Kommunedirektøren si tilråding vart einstemmig vedtatt.

FSK - 114/25 Vedtak

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

1. Kommunestyret oppnemner ordførar, varaordførar og leiar for opposisjonen som Volda kommune sine representantar i eit interkommunalt politisk arbeidsutval for kommunane Volda og Ørsta.
2. Under føresetnad av likelydande vedtak frå Volda/Ørsta kommunestyre, fastset Volda/Ørsta kommunestyre følgjande formål og mandat for arbeidsgruppa:

Formål:

Arbeidsgruppa skal legge til rette for ein prosess som skal føre fram til løysingar som gir gevinstar for tenestene og styrkar samfunnsutviklinga i begge kommunar. Målet er å etablere ein felles strategi og visjon, samt mobilisere ressursar og engasjement i lokalsamfunnet for å utløyse synergjar og realisere eit større potensial enn det kommunane kan oppnå kvar for seg.

Mandat:

- Identifisere løysingar som gir gevinstar for tenestene og styrkar samfunnsutviklinga for dei to kommunane i lag, og kome med framlegg om konkrete samarbeidstiltak.
- Leggje eit grunnlag for å kunne samordne prosessen med planstrategi og kommuneplan med sikte på felles visjon og overordna målsettingar for kommunane for kommunestyreperioden 2027 - 2031.
- Utarbeide kravspesifikasjon og tinge utgreiing for å få eit kunnskapsgrunnlag for å vurdere samanslåing av kommunane Volda og Ørsta. Skaffe statleg finansiering for å dekkje kostnadene med utgreiinga.

Arbeidsgruppa skisserer sjølv nærare prosess og framdriftsplan og legg denne fram for kommunestyra til første møte i 2026. Framdriftsplanen skal også innehalde milepelar for ev delrapport, sluttrapport og rapporteringspunkt for kommunestyra.

3. Kommunedirektøren møter i arbeidsgruppa og syt for sekretærfunksjon.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret oppnemner ordførar, varaordførar og leiar for opposisjonen som Volda kommune sine representantar i eit interkommunalt politisk arbeidsutval for kommunane Volda og Ørsta.

2. Under føresetnad av likelydande vedtak frå Volda/Ørsta kommunestyre, fastset Volda/Ørsta kommunestyre følgjande formål og mandat for arbeidsgruppa:

Formål:

Arbeidsgruppa skal legge til rette for ein prosess som skal føre fram til løysingar som gir gevinstar for tenestene og styrkar samfunnsutviklinga i begge kommunar. Målet er å etablere ein felles strategi og visjon, samt mobilisere ressursar og engasjement i lokalsamfunnet for å utløyse synergjar og realisere eit større potensial enn det kommunane kan oppnå kvar for seg.

Mandat:

- Identifisere løysingar som gir gevinstar for tenestene og styrkar samfunnsutviklinga for dei to kommunane i lag, og kome med framlegg om konkrete samarbeidstiltak.
- Leggje eit grunnlag for å kunne samordne prosessen med planstrategi og kommuneplan med sikte på felles visjon og overordna målsettingar for kommunane for kommunestyreperioden 2028 - 2032.
- Utarbeide kravspesifikasjon og tinge utgreiing for å få eit kunnskapsgrunnlag for å vurdere samanslåing av kommunane Volda og Ørsta. Skaffe statleg finansiering for å dekkje kostnadene med utgreiinga.

Arbeidsgruppa skisserer sjølv nærare prosess og framdriftsplan og legg denne fram for kommunestyra til første møte i 2026. Framdriftsplanen skal også innehalde milepelar for ev delrapport, sluttrapport og rapporteringspunkt for kommunestyra.

3. Kommunedirektøren møter i arbeidsgruppa og syt for sekretærfunksjon.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet , 14.10.2025 - 114/25

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

1. Kommunestyret oppnemner ordførar, varaordførar og leiar for opposisjonen som Volda kommune sine representantar i eit interkommunalt politisk arbeidsutval for kommunane Volda og Ørsta.

2. Under føresetnad av likelydande vedtak frå Volda/Ørsta kommunestyre, fastset Volda/Ørsta kommunestyre følgjande formål og mandat for arbeidsgruppa:

Formål:

Arbeidsgruppa skal legge til rette for ein prosess som skal føre fram til løysingar som gir gevinstar for tenestene og styrkar samfunnsutviklinga i begge kommunar. Målet er å etablere ein felles strategi og visjon, samt mobilisere ressursar og engasjement i lokalsamfunnet for å utløyse synergjar og realisere eit større potensial enn det kommunane kan oppnå kvar for seg.

Mandat:

- Identifisere løysingar som gir gevinstar for tenestene og styrkar samfunnsutviklinga for dei to kommunane i lag, og kome med framlegg om konkrete samarbeidstiltak.
- Leggje eit grunnlag for å kunne samordne prosessen med planstrategi og kommuneplan med sikte på felles visjon og overordna målsettingar for kommunane for kommunestyreperioden 2027 - 2031.
- Utarbeide kravspesifikasjon og tinge utgreiing for å få eit kunnskapsgrunnlag for å vurdere samanslåing av kommunane Volda og Ørsta. Skaffe statleg finansiering for å dekkje kostnadene med utgreiinga.

Arbeidsgruppa skisserer sjølv nærare prosess og framdriftsplan og legg denne fram for kommunestyra til første møte i 2026. Framdriftsplanen skal også innehalde milepelar for ev delrapport, sluttrapport og rapporteringspunkt for kommunestyra.

3. Kommunedirektøren møter i arbeidsgruppa og syt for sekretærfunksjon.

Saksopplysningar:

Kommunane i landet er i ein pressa situasjon. I fjor hadde 58 % av kommunane negative rekneskapsresultat. KS si budsjettundersøking viser at over halvparten av kommunane kan få negative rekneskapsresultat også i år. Volda og Ørsta er blant dei kommunane som har for høgt driftsnivå i forhold til inntektene. Helseforetaka har økonomiske utfordringar, og Helse Møre og Romsdal står i ein særskilt krevjande situasjon. Dette vil i sin tur utfordre grensesnittet mot kommunane om ansvar for pasientane og økonomien i tenestekjeda. Det er forventningar til staten om å auke løyvingane både til kommunane og helseforetaka. Sjølv om det skulle skje, så står vi overfor ei formidabel omstilling.

Det er initiert parallelle nasjonale prosessar. Regjeringa sette i mai 2025 ned ein kommisjon som skal kome med framlegg om endringar i statleg styring som legg til rette for god ressursbruk, fleksibel bruk av personell og effektiv oppgaveløysing i kommunesektoren. Regjeringa oppnemnde i august eit Helsereformutval som skal utgreie og kome med framlegg om nye modellar for framtidig organisering, styring og finansiering av ei samanhengjande og integrert helse- og omsorgsteneste i Noreg.

Det har lenge vore varsla behov for endringar knytt til demografiutviklinga med fleire eldre og større konkurranse om arbeidskrafta. No er vi der at dette gjer seg gjeldande. Auka poliarisering og krig skaper usikkerheit og påverkar dei globale rammevilkåra, samt behovet for endring i prioriteringar innanfor den nasjonale økonomien. Staten og innbyggjarane sine forventningar til velferdsnivået avvik frå kommunane sin kapasitet og utviklinga i kommuneøkonomien heng etter. Dersom ein ser dette i lys av søre Sunnmøre og kommunane Volda og Ørsta, så er det ikkje berre økonomien og tenesteytinga som er utfordrande. Held dei nasjonale trendane fram og kanskje med auka fart, vil dette kunne rokke ved dei samfunnsstrukturane som vi til no har sett på som relativt trygge. Desto viktigare vert det med samarbeid for å oppretthalde gode tenster og opplevingstilbod som gjer det attraktivt å rekruttere kompetanse for å behalde regionale funksjonar som høgskule, sjukehus, flyplass, Statens lånekasse, vegstasjon, Helfo og dei vidaregåande skuletilboda.

Auka press på personellmessige og økonomiske ressursar i kommunane har resultert i auka interesse for interkommunalt samarbeid. Erfaringane er at det er mindre å hente av økonomiske gevinstar, og at fordelane er størst på redusert sårbarheit, breiare fagleg miljø som sikrar betre rekruttering og stabilitet i tenesteytinga. Redusert sårbarheit har gjerne den gevinsten også at ein unngår uheldige løysingar som gir meirkostnader.

Kommunane på søre Sunnmøre, bortsett frå Vanylven, har samla seg om ein felles IT-infrastruktur og felles IKT-selskap. Dette er ein grunnleggjande rigg for utvikling av interkommunalt samarbeid. Dei digitale verktøya grip inn i så og seie alle tenestekområde, og samarbeid er avhengig av at kommunane gjer ting likt for å hente ut gevinstar. Digitaliseringa av samfunnet gjer det meir komplisert å drifte dei kommunale tenestene. Det tvingar også fram behovet for å samarbeide mellom kommunane for å balansere maktforholdet opp mot dei store leverandørane, og for å rigge fagmiljø som er dekkjande nok til å transformere teknologien i nye måtar å jobbe på. Dette er komplisert, og det er ikkje gitt at dei interkommunale samarbeidsmodellane vil vere gode nok for å ta ut optimale gevinstar.

Fleire samarbeid er under utvikling innanfor regionen. For kommunane Volda og Ørsta vil det vere aktuelt å vurdere kva tenester det er mest tenleg å vere med på saman med kommunane i ytre delen, og kva samarbeid som er mest tenleg at Volda og Ørsta har sjølve.

Tenesteyting gjennom interkommunalt samarbeid med fleire styringslinjer er ikkje like effektivt som om ei kommune står for drifta sjølv. Samarbeid mellom mange kommunar er også særleg krevjande når det blant desse ikkje er ei større kommune som har eit større fagleg miljø og kraft til å drifte dei mest spesialiserte funksjonane. Dette manglar vi på søre

Sunnmøre, medan Ålesund, Molde og Kristiansund har denne funksjonen i dei andre regionane i fylket.

I kommunane på ytre søre Sunnmøre vert det handsama sak om utgreiing av samanslåing. Initiativet kom frå Herøy kommune som har positivt vedtak og inviterer dei andre kommunane til å gjere det same. Dersom to eller fleire av kommunane på ytre søre slår seg saman, kan den kommunen ta ei meir aktiv rolle i det interkommunale samarbeidet.

Ei ev kommunesamanslåing må gjennomførast i samband med eit kommuneval og ny kommunestyreperiode. Det er to år til neste kommuneval, og det er for kort tid til utgreiing, lokal og sentral avgjerd og til prosessen med å byggje ny kommune. Dette inneber at det er god tid på desse prosessane når det først om seks år at det er mogleg å realisere ev kommunesamanslåing.

Oppsummert er det som er skrive ovanfor eit baktekke for den prosessen kommunane Volda og Ørsta skal jobbe med framover.

VURDERING

Ein prosess mellom Volda og Ørsta no bør ikkje berre ta utgangspunkt i dagens situasjon, men sjå utfordringsbildet og korleis ein ynskjer å utvikle desse to samfunna for framtida i fleire tiårsbolkar. Kommunane vert styrt gjennom planverk, og det vil vere naturleg at ein i den prosessen vi skal gå inn i ser på korleis ein kan samordne planstrategien og kommuneplanane for å sjå utfordringane for kommunane i ein samla samanheng, samt vurdere kva som bør gå i ei meir felles retning.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal uttrykte i forventingsbrevet til kommunane for 2023 at: *“Planlegging er kommunane sitt fremste verktøy for å sikre ei heilskapleg og berekraftig utvikling i sin kommune. Ei rekke av dei samfunnsutfordringane vi står overfor, må løysast gjennom ei strategisk tilnærming i plan.”*

Ørsta kommunestyre har i sitt vedtak uttrykt ynske om utgreiing av samarbeid og ev samanslåing. Det er sannsynleg at utgreiing av samanslåing vert gjennomført blant kommunar på ytre søre Sunnmøre. Kommunedirektøren meiner det i ei utgreiingsfase ikkje vil vere klokt å avgrense, men at ein opnar opp og får mest mogleg kunnskap om alternativa. Dette bør derfor også liggje i mandatet til arbeidsgruppa. Kommunesamanslåing handlar dels om fakta, dels om kjensler og kanskje mest om at innbyggjarane ynskjer å skape noko i lag som er betre tufta for å møte framtida. Dette er vanskeleg, og det er derfor viktig at ein i denne fasen skaffar seg eit kunnskapsgrunnlag og har ein open og god prosess på kor vidt det er noko ein skal gå vidare med etter ei utgreiing.

Det vert foreslått følgjande formål og mandat for arbeidsgruppa:

Formål:

Arbeidsgruppa skal legge til rette for ein prosess som skal føre fram til løysingar som gir gevinstar for tenestene og styrkar samfunnsutviklinga i begge kommunar. Målet er å etablere ein felles strategi og visjon, samt mobilisere ressursar og engasjement i lokalsamfunnet for å utløyse synergjar og realisere eit større potensial enn det kommunane kan oppnå kvar for seg.

Mandat:

- Identifisere løysingar som gir gevinstar for tenestene og styrkar samfunnsutviklinga for dei to kommunane i lag, og kome med framlegg om konkrete samarbeidstiltak.

- Leggje eit grunnlag for å kunne samordne prosessen med planstrategi og kommuneplan med sikte på felles visjon og overordna målsettingar for kommunane for kommunestyreperioden 2028 - 2032.
- Utarbeide kravspesifikasjon og tinge utgreiing for å få eit kunnskapsgrunnlag for å vurdere samanslåing av kommunane Volda og Ørsta. Skaffe statleg finansiering for å dekkje kostnadene med utgreiinga.

Arbeidsgruppa skisserer sjølv nærare prosess og framdriftsplan og legg denne fram for kommunestyra til første møte i 2026. Framdriftsplanen skal også innehalde milepelar for ev delrapport, sluttrapport og rapporteringspunkt for kommunestyra.

Samannsetning:

Arbeidsgruppa vert samansett av ordførar, varaordførar og opposisjonsleiar frå kvar av kommunane.

Sekretariat:

Kommunedirektørane i begge kommunane møter i arbeidsgruppa og syt for sekretærfunksjon.

Rune Sjurgard
Kommunedirektør

Utskrift av endeleg vedtak: